
Søknadstype

Velg søknadstype

Søknadstype	Innsatsområder
Innsatsområder	• Formidling av bibliotekenes innhold, digitalt og fysisk • Nye samarbeidsformer og partnerskap

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel	Sats på kulturfondbøker!
Mål for prosjektet	Gjennom målretta merking i katalogen, styrkt markedsføring mot publikum og forfatterbesøk, ønskjer Levanger bibliotek å fremje bruken av, og debatten om, bøker som blir kjøpte inn gjennom Kulturfondet.

Prosjektbeskrivelse

Bøker frå Kulturfondet utgjer 27 % av den årlege tilveksten på Levanger bibliotek. Så godt som alt av norsk skjønnlitteratur kjem på "K-fond", både kjende og ukjende forfattarar med breie og smale nedslagsfelt. Vi vil bidra til å formidle dei meir ukjende forfattarane ut av hyllene gjennom bruk av digitale og analoge hjelpemiddel og forfattarmøte.

Vi vil måle effekten av prosjektet gjennom å måle utlånet av kulturfond-eksemplar føre og etter prosjektperioden. Ved stor effekt vil tiltaket gå inn i den vanlege drifta ved biblioteket.

Prosjektet er sett saman av tre ulike hovuddelar: den digitale, den fysiske og møtet.

1) Den digitale.

Kulturfondbøkene skal skiljast ut i katalogen slik at ein for kvar utsending frå Kulturrådet kan sjå kva bøker som kjem med utsendinga. Det gjeld både P- og E-bøker. Her er eit døme på noko tilsvarande vi har gjort med nominasjonane til Brageprisen 2015:

<http://www.levanger.folkebibl.no/cgi-bin/websok?mode=vt&dbpath=/usr/biblo/data&eccl=bragenominert>

Når meldinga frå Kulturrådet kjem om kva bøker som er på veg, skal vi registrere bøkene med ein gong, føre dei kjem fysisk til biblioteket. Dette blir så publisert på dei digitale kanalane til biblioteket (Heimeside, blogg, Facebook, Instagram og Snapchat), med melding om at desse bøkene er på veg. Då får lånarane høve til å reservere bøker, og vi får i gang praten om bøkene.

Levanger bibliotek er mellom dei mest aktive på Instagram på taggen #bokfjesfredag/#bookfacefriday. Dette vil bli utnytta til å fremje kulturfondbøker gjennom prosjektperioden.

Her vil det vera ein god regional effekt. Gjennom våre tiltak vil dataene vi produserer bli tilgjengelege for resten av biblioteka, slik at dei på ein enkel måte kan hente inn våre redigerte data til sine katalogar og dermed få til like søk.

2) Den fysiske.

Ved kvar pakke som kjem av kulturfondbøker, vil det bli laga utstilling i biblioteket med bøkene som er komne. I og med at bøkene av kjende/populære forfattarar i stor grad går av seg sjølv, kjem dei fleste bøkene i utstillinga til å vera av dei meir ukjende forfattarane, t.d. debutantar. Plassert på ein godt synleg stad bør utstillinga bidra til å få bøkene meir ut.

Alle k-fondbøker for vaksne frå inneverande år vil bli plassert på ein godt synleg plass nært inngangen til biblioteket, slik at det blir lettare å berre plukke opp for lånarar som er ute etter ei god bok. Vi vil òg skrive ut gode bokmeldingar og stille ut saman med bøkene.

3) Møtet.

For å få meir blest og samtale om bøkene ønskjer vi å ha 5 bokbad i løpet av prosjektperioden. Vi ønskjer å invitere aktuelle forfattarar, som har med bøker i dei aktuelle bokpakkane. Det vil seie at vi ikkje har ei liste med forfattarar per i dag, den lista vil bli til etter kvart som bøkene for den aktuelle runden (1-5) kjem. Bokbadar Ingrid Storholmen vil vera sentral bidragsytar for å velje unge og/eller ferske forfattarar.

Når vi lagar avtalar med forfattarar vil vi òg syte for at andre bibliotek i regionen kan få tilbod om å møte forfattaren, anten gjennom opplesing eller bokbad. I tillegg har biblioteket allereie boklunsjprat kvar torsdag, og vil prioritere kulturfondbøkene i desse.

Dette er eit prosjekt vi òg søker støtte til frå Norsk kulturråd si ordning til litteraturformidling. Dette er ikkje stadfesta, og om vi ikkje får støtte frå dei vil punktet "Møtet", dvs. arrangementa i denne søknaden falle vekk, og det som går på digital og fysisk formidling stå igjen.

Søker

Organisasjonsopplysninger

Organisasjonsnavn	Levanger bibliotek
Organisasjonsnummer	974 035 928
Kontonummer	
Institusjonens leder	
Fornavn	Vidar
Etternavn	Lund
Telefon	
E-post	
Er institusjonens leder kontaktperson for prosjektet?	Nei
Kontaktperson	
Fornavn	Vidar
Etternavn	Lund
Telefon	74052901
E-post	vidar.lund@levanger.kommune.no

Framdriftsplan

Prosjektet er	Ettårig
---------------	---------

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskrivelse	Førebuing av prosjektoppstart
-------------	-------------------------------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.05.2016
----------	------------

Til dato	30.06.2016
----------	------------

Beskrivelse	Prosjektoppstart, 1. runde
-------------	----------------------------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.07.2016
----------	------------

Til dato	31.08.2016
----------	------------

Beskrivelse	2. runde
-------------	----------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.09.2016
----------	------------

Til dato	31.10.2016
----------	------------

Beskrivelse	3. runde
-------------	----------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.11.2016
----------	------------

Til dato	31.12.2016
----------	------------

Beskrivelse	4. runde
-------------	----------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.01.2017
----------	------------

Til dato	28.02.2017
----------	------------

Beskrivelse	5. runde
-------------	----------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.03.2017
----------	------------

Til dato	30.04.2017
----------	------------

Beskrivelse	Avslutning og rapportering
-------------	----------------------------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.05.2017
----------	------------

Til dato	31.05.2017
----------	------------

Andre opplysninger

Andre opplysninger/kommentarer om framdrifts-/aktivitetsplan

Målet er å formidle eit heilt år med kulturfondbøker. Med arrangement annakvar månad bortsett frå sommarferien blir det plass til fem arrangement basert på dei aktuelle kulturfondbøkene. I posten "runde" inngår mottak, katalogisering, marknadsføring og arrangement med kulturfondbøker. Om støtta frå Norsk kulturråd til "Møtet" fell vekk, vil vi likevel dele opp året i fem bolkar, slik at vi får eit spesielt fokus i periodar.

Budsjett

Søknadsbeløp fra Nasjonalbiblioteket	30 000
--------------------------------------	--------

Samarbeidspartnere

Har du samarbeidspartner(e)?	Ja
------------------------------	----

Navn	Nord-Trøndelag fylkesbibliotek
------	--------------------------------

Beskriv samarbeidet	Rådgjevar ved Nord-Trøndelag fylkesbibliotek. Har bakgrunn som prosjektleiar for Litteraturhus Nord-Trøndelag, og vil særleg bidra med innspel til arrangement og marknadsføring og den regionale tilknytninga.
---------------------	---

Navn	Ingrid Storholmen
------	-------------------

Beskriv samarbeidet	Skal bokbade dei 5 forfattarane, og vil bistå prosjektleiar med å velje forfattarane som skal bokbadast. Ho er forfattar sjølv, og har i tillegg røynsle med forfattarmøte.
---------------------	---

Vedlegg

Vedlegg
